

Referat

Styremøte i Sunnfjord Kulturråd.

Torsdag 28. april 2022 kl 19.00

Sakralrommet, Førdehuset

Møtte:

Faste medlemmar:

Svein Inge Bjørkedal, Kirsten J. Friis, Karen Helga Maurstig, Nils Gjerland,

Varamedlemmar:

Hilde Gartland

Sekretær: Johan Bengtsson

Referat:

Saker:

1. Planlegging av årsmøte,

Dokumenta skal vere samla og sendt ut seinast 12. mai

Svein Inge sender ut, Johan lagar powerpoint til årsmøtet

Kulturelt innslag

herunder ansvar:

- **Styret si årsmelding** - Svein Inge og Kirsten
- **Rekneskap** – Leon og Arne Hammer
- **Handlingsprogram** – Karen Helga

Forslag for 2022/23:

- *Samarbeid med Sunnfjord kommune – oppfølging/dialog med politisk nivå*
 - *Finansiering av administrativ stilling, tilsetting og gjennomføring*
 - *Førdehuset som kulturhus*
 - *Rekrutteringsarbeid*
 - *Synleggjering av kultur mangfaldet i Sunnfjord kommune*
- **Budsjett 2023, medrekna medlemskontingent (sjå §2)**
Forslag om uendra kontingent, Budsjett 2023 - Leon
 - **Val** - Valnemnda
(Valnemnda er informert om årsmøtet og fått relevant dokumentasjon oversendt.)

- #### 2. **Antal styremedlem i SKR**
- Svein Inge tok opp forslag om å minke ned på tal medlemmer i styret. Det har vore lavt oppmøte på mange styremøter. Av 9 faste medlemmar med 6 vara har ofte 4 – 6 medlemmar møtt. Det har ikkje vore så mange fagspesifike saker. Likevel er det ein fordel om alle fag er representert. Forslag om reduksjon til ein representant frå kvar av dei 6 kategoriane: musikk, dans, teater/scenekunst, kunst, handvek, andre.

Forslag til vedtaksending som :

§ 3 Nominasjon til styre

Styret i Sunnfjord Kulturråd skal bestå av ~~9~~ **6** representantar og 6 varamedlem, som representerer følgjande kulturområder:

- Musikk og song – ~~2~~ **1** representantar og 1 vara

- Dans – 1 representant og 1 vara
- Teater og film – 1 representant og 1 vara
- Kunst – 1 representant og 1 vara
- Handverk – 1 representant og 1 vara
- Andre kulturaktørar – ~~3~~1 representantar og 1 vara

§ 4 Styre

Sunnfjord Kulturråd vert leia av styret som er vald av årsmøtet. Styret skal arbeide etter vedtektene og arbeide etter dei vedtak og retningslinjer som årsmøtet fastset.

Styret konstituerer seg sjølv med val av leiar og nestleiar kvart år etter årsmøtet.

Styret bestemmer sjølv si eiga arbeidsform. Styret har ansvaret for det daglege arbeidet og dreg opp linjer for både det kortsiktige og det langsiktige arbeidet og presenterer dette for innbyggjarane i kommunen. Styret kan setje ned ad-hoc komitear og vere representert i komitear og utval som gagnar kulturlivet i Sunnfjord.

Styret innkallar til medlemsmøte ved behov. Styret er vedtaksføre når ~~fen~~ tre medlemmar er til stades. Vedtak blir fatta med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme. Styret kan knyte til seg sekretær/saksførebuar og kasserarar.

§ 5 Årsmøte

Årsmøtet er SKR sitt øvste organ. Årsmøtet blir halde kvart år innan utgangen av april månad. Det blir sendt ut innkalling med minst 6 vekers varsel. Saker ein ønskjer handsama på årsmøtet, må vere styret i hende seinast 3 veker før årsmøtet.

Årsmøtet handsamar:

- Val av møteleiar, referent og ein som skriv under referatet
- Styret si årsmelding
- Rekneskap
- Saker fremja av, eller gjennom, styret
- Handlingsprogram
- Budsjett, medrekna medlemskontingent (sjå §2)
- Val av:

Styre:	9 6 medlemmar og 6 vara
Valnemnd:	3 medlemmar
Revisor:	1 revisor

Kvar organisasjon og institusjon som er medlem i SKR har to stemmer og stiller med tale- og stemmerett på årsmøtet. Einskildpersonar som er medlem i SKR har ei stemme med tale- og stemmerett. Alle vedtak og val blir avgjort med alminneleg fleirtall. Det blir skriftleg val dersom det blir fremja krav om det. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal.

Kvar representant i styret skal veljast for ein periode på to år og vararepresentant for eitt år. Ved ~~skiping~~ årsmøtet skal ~~tre~~ representantar veljast for to år. Styremedlemmane kan veljast i maksimalt to periodar i samanheng, dette gjeld ikkje varamedlemmar og valnemnd.

Valnemnda skal legge vekt på mangfald: fagleg, geografisk, alder og kjønn. Valnemnda skal syte for representasjon frå både det profesjonelle og det frivillige kulturlivet.

3. Ny leiar – Svein Inge ynskjer gå av som leiar

4. **Anna** Førebuing av årsmøte torsdag 5.4 kl 16.30, Svein Inge kallar inn Kirsten, Karen Helga, Leon og Gerd.
Sunnfjord kommune ved Landbruk og miljø har sendt invitasjon til Sunnfjord kulturråd om å uttale seg om: Mobilitetsstrategi for klimavenleg og aktiv transport. Svein Inge sender den ut alle styremedlemmar, gje innspel tilbake.

Sak frå Gerd Nesbø. Finst det midlar til material til fana som styret har bedt om å få laga til 17. mai 2023? Styret har litt midlar. Vert det meir enn eit par tusen, må vi søke om midlar til det.

Førde 28.04.22

Johan Bengtsson, sekretær